

# Sluttrapport

## Tuddal – "Frå bygd til landsby" - fase 1

### oktober 2010 – august 2012



Prosjektleiar: Anne-Bjørg Haugan

Prosjektansvarleg: Hjartdal kommune v/ Rådmannen

Prosjekteigar: Tuddal Utvikling og Hjartdal kommune

# *Frå bygd til landsby – fase 1*

- Fase 0 – kartlegging (forstudie); april 2009 – september 2010
- Fase 1 – planlegging (forprosjekt); oktober 2010 – august 2012

## **Prosjektets hovudmål**

- *Å bidra til vidareutvikling av eit bærekraftig samfunn i Tuddal med fokus på miljø, økonomi og det sosiale aspektet.*
- *Å bidra til å snu befolkningsutviklinga frå negativ til positiv.*
- *Å legge til rette for langsiktig og lønsam verdiskaping gjennom næringsutvikling og auka bustadutvikling.*



## Samandrag

### Bakgrunnen for prosjektet

Fase 1 er ei vidareføring av fase 0 (april 2009 – september 2010) som var basera på resultatet frå LØFT-analysa og folkemøte med idé-dugnad. Fase 0 var ei kartleggings- og planleggingsfase der det utpeika seg fleire sentrale område og tiltak som skulle vidareføras i fase 1.

Fase 1 er fasa for prioritering og utarbeiding av konkrete planar og gjennomføring av mindre tiltak.

### Målgruppa er

eksisterande og nye bygdefolk, med spesiell fokus på unge og kvinner  
næringsdrivande og potensielle etablerarar  
deltidsinnbyggjarar og besökande  
media

### Føresetnader og rammar

Gjennom fase 0, som fikk 500.000,- i støtte frå KRD sine midlar til kulturbasert næringsutvikling, er det avdekkja interesse og motivasjon for ei rekke tiltak som vil vere viktige for å nå prosjektet sine effektmål. Det vart i 2010 søkt om bulystmidlar frå KRD, men søknaden nådde dessverre ikkje opp. Både Hjartdal kommune, næringslaget Tuddal Utvikling, Telemark fylkeskommune og innbyggjarane i Tuddal såg det som viktig at prosjektet likevel blei vidareført. Det blei derfor løvvde total kr 2.060.000,- frå Telemark fylkeskommune, Hjartdal kommune og Tuddal Utvikling til gjennomføring av fase 1.

## Forankring

Prosjektet har fått ei god og brei forankring blant bygdefolket og hyttefolket gjennom samtaler/dialog og møter med enkeltpersonar, næringsdrivande, grunneigarar, lag , foreiningar, folkemøte og ved at bygdefolk og hyttefolk har delteke i spørjeundersøkningar og arbeidsgrupper i prosjektet. Prosjektleiar har også hatt god og regelmessig dialog med leiarane for alle hytteforeiningane. Det har vore god dekning i media (spesielt i lokalavisa Telen, men og i fylkesmedia og litt i nasjonale media). I styringsgruppa sit ein representant frå Telemark fylkeskommune, ordførar og rådmann i Hjartdal kommune, representant for Tuddal Utvikling og representant for bygdefolket i Tuddal. Rådmannen er prosjektansvarleg og det har vore gjennomført fleire presentasjonar for formannskap og kommunestyre. Prosjektet er og presentera i fjellregionsamarbeidet, i Kongsbergregionen og i fylkessamlinga for nærfri luftsliv.

## Arbeidsgrupper i fase 1:

Kjerringsteinløypa

Næringsamarbeidet i Tuddal

Turstigane

Kulturarrangement - her har det vor etablert fleire arbeidsgrupper for ulike arrangement

Mat og service på turen

Prøvebustad

Profilering / marknadsføring

Sentrumsutvikling

Tuddal Triathlon

## Gjennomføring

Prosjektet er gjennomført etter PLP-metoden. Prosjektplanen er fylgd både for hovudaktivitetar og delaktivitetar. Stort sett alle aktivitetane er gjennomførde og måla er nådd. Prosjektet har halde seg innfor budsjetttrammene.

## Fase 1 blei dela inn i 4 hovudområder

1. Sentrums- og næringsutvikling
2. Bu i Tuddal
3. Fritid og velvære
4. Identitet og omdøme



## Målrealisering

Her fylgjer ein oversikt over måla for prosjektet og kva som er oppnådd.

### Effektmål

- Det vi ynskjer å oppnå etter at prosjektet er gjennomført og resultatet er tatt i bruk.

#### Effektmål

#### Måloppnåing

<i>Netto tilflytting til Tuddal</i>	Frå desember 2009 til august 2012 er det kome 43 tilflytta (31 vaksne og 11 barn) til Tuddal medan 9 (5 vaksne og 4 barn) har flytta ut.
<i>Fleire arbeidsplassar i Tuddal</i>	<i>Eks.:</i> <i>Tuddal Høyfjellshotell seier at om den gode utviklinga vi er inne i nå fortset, så blir det om kort tid flere arbeidsplasser hos oss, både på hotellet og Stavsro.</i> <i>Bøen kiosk og kafé har utvida med 2 arbeidsplassar i sommarhalvåret etter utbygginga starta i 2010.</i>
<i>Fleire deltidsinnbyggjarar og besökande til Tuddal</i>	Auke i omsetnaden innafor reiselivs- og handelsnæringa kan tyde på dette. Turistinformasjonen i Tuddal merkar også ein markant auke i forespurnader både av besökande, på telefon og e-post. Når det gjeld hyttebygging så er der fleire på vent p.g.a. ny kloakkering og ny vegløysing.
<i>Tuddal som merkenamn er kjend</i>	Auken i talet på besökande til kulturarrangamenta, overnatting- og serveringsbedrifter og auka bruk av turistinformasjonen tyder det på at Tuddal blir meir og meir kjend.

## Resultat - det som skal gjennomføras / utviklas i prosjektperioden

<b>Resultat</b>	<b>Måloppnåing</b>
<i>Ein konkret detaljplan for eit tydeleg og fortættet sentrum (landsby)</i>	Illustrasjonsplan og innspel til kommunedelplanen for landsbyen Tuddal, der Trekanten inngår - nye Tuddal sentrum var ferdig utarbeida i juni 2012. Denne er utarbeida av Context AS og Gullik Gulliksen i samarbeid med grunneigarar, næringsdrivande og sentrumsgruppa.
<i>Tuddal kjent som merkevarenavn og sted</i>	Det har gjennom prosjektperioden blitt jobba målretta med profilering og marknadsføring av Tuddal og alt som skjer her gjennom utvikling og bruk av Tuddalslogoen, heimesida ( <a href="http://www.visittuddal.no">www.visittuddal.no</a> ), Treskoposten, felles profileringsartiklar, felles brosjyrar. Vi har fått klare og bekreftande tilbakemeldingar på at vi har blitt meir synlege i forbindelse med fleire av arrangementa vi har gjennomført; Tuddal Triathlon, Matfesten i 2010, utvida bygdedag i 2011 og 2012, populære utstillingar på bygdetunet (spesielt bunader og troll), alt dette er viktige faktorar for merkevarebygginga. I tillegg har vi gjennomført kurset "Godt vertskap" og jobba med fokus på positiv vinkling og framsnakking av kvarandre. Tuddal Utvikling, næringsdrivande og prosjektet si deltaking med sal-/profileringsstand på ulike messer og konferansar (Mersmak, Internasjonal Fjellregionskonferanse, Hyttelivsmessa, m.fl.). Spesielt så må Tuddal Høyfjellshotell nemnas for dei har gjort ein kjempeinnsats med å marknadsføre både eiga bedrift og heile Tuddal på ein veldig positiv måte. Dei har ofte vore synlege både i nasjonal og internasjonal presse, i vekeblad, aviser, tv og radio. I tillegg til at vi generelt har vore godt synlege i media. Dei brukar alltid Tuddalslogoen ved sida av eigen logo. Vi har sendt mange flotte bilde frå Tuddal til Telemarkkreiser som dei brukar i si marknadsføring. Prosjektet er også representera i notatheftet til Telemark fylkeskommune om kreativ stadutvikling.
<i>Auke av talet på bustader for sal og utleige</i>	Liten auke og det er per i dag få hus til leige eller sal.
<i>Prøvebustad er bygd</i>	Prøvebustaden er prosjektera, men ikkje finansiera og bygd. Dette er eit eige prosjekt som det har vore naturleg å samarbeida med og der prosjektleiar Frå bygd til landsby har fungera som koordinator for Tuddal.

## Resultat - det som skal gjennomføras / utviklas i prosjektperioden

Resultat	Måloppnåing
<i>Fleire sosiale møteplassar (både for bygdefolk og hyttefolk) er etablert</i>	Både Bøen kiosk og kafé, Anlaugs Husflid med kaffekrok, strikkekafeen og onsdagskveldane på bygdetunet i sommar halvåret er nye og populære møteplassar både for bygdefolk og hyttefolk. Tuddal Høyfjells hotell med Gildehallen kafé har blitt ein endå meir populær møteplass for hyttefolk. I prosjektperioden har Tysdagslunsjen og vore ein viktig møteplass, men etterkvar så viste det seg at denne møteplassen blei overflødig i og med at den var på eit ugunstig tidspunkt for dei som er i jobb utafor Tuddal. Møteplassen Trekanten er prosjektera og fleire er lagd inn i sentrumsplanen.
<i>Hyttefolket deltek aktivt i kultur- og næringsliv</i>	"Ville vak og stille stunder" - kulturarrangement arrangert av hyttefolk i samarbeid med bygdekvinnelaget og prosjektet. Hyttefolk stiller opp i dugnadslag, dei har og tilbode sin kompetanse til styreverv og fleire har meldt seg inn i lokale lag. Dei er veldig ivrige deltakrar på alle arrangement.
<i>Flott å vere ung i Tuddal</i>	Dette er vanskeleg å måle. Tuddalslogoen og inkludering av barn og unge i prosjektet der dei har jobba med fokus på kvalitetane til Tuddal og Tuddal i framtida kan vere viktige faktorar for å oppnå dette. Dei fleste unge i bygda går med t-skjorta med Tuddalslogoen på og dette tyder på at dei er stolte av å vere frå Tuddal. (eks. Flotte 17. mai taler av ungdom)
<i>Oppretthalde barnetal på skulen og i barnehagen på 2010 nivå (22 i skulen og 3 i barnehagen).</i>	Barnetalt for Tuddal per august 2012 er; Tuddal skule 18 elevar og Tuddal barnehage 12 barn. Dette betyr at vi totalt har hatt ein auke i talet på barn i skule og barnehage i prosjektperioden frå 25 til 30.
<i>Talet på tilflytta familiar og unge vaksne i løpet av dei fyrtre tre åra.</i>	Tilflytta husstandar frå desember 2009 til august 2012 er 20. Utflytta er 3. Netto tilflytta husstandar i dette tidsrommet er 17. (Tala er henta frå e-verket).
<i>Auke i omsetnaden innafor lokal handels- og servicenæring (tafesteste dette).</i>	Forespørsla er sendt til fleire bedrifter og desse har svara; Tuddal Høyfjellshotell hadde sitt beste resultat noen sinne i 2011 og ein auke i omsetnaden på 15% frå 2009. Bøen kiosk og kafé har utvida tre gonger frå 2010 og hatt ein omsetnadsauke på 50%. Hogstul hytter har hatt ein auke i leigeinntekter på 50.000,- frå 2009 til 2010, mens 2011 var på same nivå som 2010. Joker Tuddal v/Anund Stuverud har hatt ein årleg auke på 4% frå 2009 til 2011. Eks. på omsetn i dugnadsarbeid; Dei 4 onsdagskveldane på bygdetunet + åpninga av utstillinga omsatte vaflar og Tuddalsgraut(1kveld) for totalt 6.100,-!

## Resultat - det som skal gjennomføras / utviklas i prosjektperioden - forts

<b>Resultat</b>	<b>Målloppnåing</b>
<i>Fleire hyttefolk som engasjerar seg i dugnads- og lagsarbeid og i næringslivet.</i>	Vanskeleg å talfeste. Det synest som om det har vore ein auke i talet på hyttefolk som har sagt at dei ynskjer å delta i dugnadsarbeid og som faktisk deltek.
<i>Etablira ein formell møteplass mellom lokalt næringsliv og hyttefolk (Tuddal Utvikling).</i>	Dette er ikkje etablira ennå. Tuddal Utvikling har som mål å etablere dette.
<i>Gjennomført forprosjekt for Nærungssamarbeid (Tuddal Utvikling)</i>	Er gjennomført i 2010 og konklusjonen blei at tida ikkje var inne ennå
<i>Etablering av nye bedrifter og auka investering i eksisterande. Spesiell fokus på kvinnebedrifter.</i>	Nokre eksempel; Anlaugs Husflid er ny kvinnebedrift i 2012. Nørstrud Hytteservice er etablira i 2011. Aarbakk sin kjøttproduksjon (storf) er under bygging. Bøen kiosk og kafé – auka investering Tuddal høyfjellshotell – auka investering Stavsro kafé nytt forbetra konsept Flugonfjell nytt skianlegg L&F eigedom – hyttetunbygging i Flugonfjell Ny eigar av Joker Tuddal Opplevingar i Hjartdal – forstudie som kan danne grunnlag for ny/utviding næring Finnvollen seter (Åttepotterømme) – auka invstering
<i>Fleire unge som tilegnar seg kompetanse på tradisjonsmat</i>	Kurs i Flatbrødbaking for barn under matfesten i 2010. Tuddal Høyfjellshotell og Bøen kiosk og kafé lærer opp sine unge medarbeidarar.

## Resultat - det som skal gjennomføras / utviklas i prosjektperioden – forts.

### Resultat

### Målloppnåing

<p>Gjennomføring av forprosjekta "Mat og service på turen" og Kjerringsteinløypa.</p>	<p>Mat og service på turen er lagt på is i påvente av eit større samarbeidsprosjektet om Stavsrød/Gaustaområdet. (Hjartdal, Tinn og Telemark fylkeskommune). Kjerringsteinløypa – universelt utforma turstig rundt Kovstulvatnet + skiløype på vinter. Forprosjektet er fullfinansiera og under oppstart.</p>
<p>Oppgradering av løypenett og Turstigar i forhold til plan. Standard skilting og merking i samsvar med Innovativ Fjellturisme sine standardar.</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Tuddal turstiggruppa er etablert som ein del av Hjartdal historielag</li> <li>• 11 populære turstigar er rydda og merka og skilt er bestilt. (Etter standarden til DNT og Innovativ Fjellturisme). Stigane er lagt inn på siste oppdatering av turkartet for området.</li> <li>• Det er samarbeid mellom turstiggruppa, Notodden Turlag og løypelaget i Tuddal.</li> <li>• Folkestigen Bjårvant rundt er opprusta og ein av turstigane i Vandrarrregionen.</li> </ul>
<p>Gjennomføre kurs/ kompetanseheving innafor vertskapsrolla innan utgangen av 2011.</p>	<p>Kurset "Godt vertskap" i regi av Innovasjon Noreg vart gjennomført 8. og 9. februar 2011 med 25 deltakarar.</p>
<p>Brei deltaking i Kommuneplanprosessen</p>	<p>Både prosjektet, Tuddal Utvikling, næringsdrivande, grunneigarar og andre i Tuddal har vore og er sterkt engasjera i denne prosessen og har kome med mange innspel.</p>
<p>Kontinuerleg oppdatering av heimesida.</p>	<p>Heimesida <a href="http://www.visittuddal.no">www.visittuddal.no</a> blir kontinuerleg oppdatera av Tuddal Utvikling v/Torunn Hovde Kaasa. Viktig at alle er flinke til å gi info til Torunn om det som er aktuelt for heimesida.</p>
<p>Utarbeide ein mal for dei som ynskjer å gjere seg nytte av vår modell for prosjektstruktur og forankring,</p>	<p>Prosjektet har i stor grad nytta seg av malane til PLP-metoden. Der det har vore hensiktmessig er det utarbeida eigne malar som kan nyttast av andre etter avtale med prosjekteigarane.</p>


## Fase 1 - Illustrasjonsplan for Tuddal sentrum

Resultat av folkemøta, innspel frå skule/barnehage, næringa i sentrum, sentrumsgruppa, grunneigarar, landskapsarkitekt Gullik Gulliksen og arkitektfirmaet Context AS.



## Fase 1- Innspel til kommunedelplanen for Tuddal sentrum

Resultat av folkemøta, innspel frå skule/barnehage, næringa i sentrum, sentrumsgruppa, grunneigarar, landskapsarkitekt Gullik Gulliksen og arkitektfirmaet Context AS.



Et par nøkkelpunkter / utdypende innspill.

### 1 Boligbebyggelse / fritidsbebyggelse.

I dag finnes det et del fritidsbebyggelse som ligg i sentrumsområdet. I arbeidet med illustrasjonsplanen har det kommet frem et generelt ønske om kun faste boliger innenfor sentrumsområdet. I forhold til utvikling av sentrum og tjenestebudet er det en fordel at folk bor fast i sentrum, og at det finnes forskjellige bolitbud som tilpasses den enkeltes behov og livssituasjon. Samtidig er det viktig for familie med sterkt tilknytning til Tuddal som har fritidsbolig i sentrum, men som bor et annet sted, at de kan fortsette å brukes deres eiendom som fritidsbebyggelse. Det foreslås at fremtidig regulering ikke tillater bygging av mer fritidsbebyggelse innenfor sentrumsområdet, og at det derfor kun brukes boligformål eller LNF areal med spredt boligbebyggelse i reguleringsformål. Videre bruk av eksisterende fritidsbebyggelse som faller innenfor disse områdene kan (må) sikres i reguleringsbestemmelser.

### 2 Evt nyt boligfelt på Tussilgard

Dette området er foreslått med kombinert formål grønnsentrue / bolig. Dette er et område som har vært identifisert som et potensielt nytt boligområde med en viss størrelse (dvs at den kan være stor nok til å tiltrekke seg profesjonelle eiendomsutviklere), men grunneierne er litt usikre. Vi foreslår derfor kombinert formål slik at området innehar en viss fleksibilitet på lang sikt.

### 3 Infrastruktur

Offentlig tilgjengelig gang- og sykkel forbindelse og kjørevei til strandsonen og i sentrumsområdet bør sikres med eget formål i evt. reguleringsplan eller bestemmelsene i kommuneplanen.

Skole og barnehage må sikres med egne formål.

Rev.Ind.	Dato	Rev. gjelder	Utarst.	Kontr.
-	-	-	-	-
-	-	-	-	-
-	-	-	-	-
-	-	-	-	-

### INNSPILL TIL KOMMUNEPLAN

Som ledd i arbeidet med illustrasjonsplan for Tuddal sentrum kommer følgende innspill til endring av reguleringsformål på kommuneplanen nivå



### TEGNINGSNØKKEL

#### BEBYGGELSE og ANLEGG

- [Yellow square] boligbebyggelse
- [Red square] offentlig eller privat tjenesteyting (museum, skole, b-hage, kirke)
- [Purple square] fritids- og turistformål (campingplass / utleiehytter)
- [Yellow diamond] kombinert bebyggelse- og anleggsformål (bolig, forretning, kontor, næring)
- [Green line] idrettsanlegg

#### GRØNNSTRUKTUR

- [Light green square] grønnsentrue
- [Dashed green square] grønnsentrue kombinert med andre angitte hovedformål (bebyggelse og anlegg - BOLIG)

#### LANDBRUKS-, NATUR, og FRILUFTSFORMÅL.....

- [Light green square] LNFR areal for spredt boligbebyggelse

### Tuddal Sentrum

Hjartdal kommune



Målestokk = 1:3500 (A3)  
Ekvidistanse 1m

Utarbeidet	Revidert	Tegn.	Godkjent
15.06.12			

Planen er utarbeidet av:	Context AS Vitavollen 16A 3560 Rykja www.context.no
I samarbeid med:	GULLIK GULLIKSEN AS Landskapsarkitekt MNLA Postboks 5199 Majorstua 0322 Oslo

context  
shaping environments

## **Tuddal sentrum – vidareføring;**

1. Utarbeide framdrifts-/gjennomføringsplan bassera på illustrasjonsplanen og kommunedelsplanen. Samarbeide med grunneigarar, næringsdrivande, kommune, skule, barnehage, ungdom og vegvesen.
2. Utarbeide budsjett og finansieringsplan
3. Utarbeide søknader om finansiering / hente inn tilbod
4. Organisering og koordinering av gjennomføring
5. Sikre vedlikehald og forankre vidareutvikling



## **Vidareføring - ansvarleg?**


*Forslag;*

Hjartdal kommune  
Næringsdrivande  
Grunneigarar  
Andre?



## Fase 1 – Trekanten

Konseptskisse : 1:500



## **Trekanten – vidareføring;**

1. Utarbeide framdriftsplan for gjennomføring med eksakt plassering av gangsti, treinstallasjon, trollstein, plass for julegrana, vegmerkestenen, kantsteiner mot vegen, lyssetting, strømmuttak og beplanting mot Kyrkjeåo
2. Kulturminnevern - undersøking av grunn
3. Innhenting av priser, plan for finansiering
4. Utarbeidning av søknader
5. Utarbeidning av gjennomføringsplan med aktivitetar
6. Koordinere og gjennomføre.
7. Sikre vedlikehald og forankre aktivitetar.



**Vidareføring - ansvarleg?**

**Forslag;**  
Hjartdal kommune



## Næringsutvikling

### I fase 1:

- Studieturar
- Samtale-/diskusjonspartner
- Vgleiing
- Kurs / nettverk
- Tuddal som heilårleg turiststad
- Opplevingar i Hjartdal

Fleire i Tuddal har spennande utviklingsplanar og nokre er i startgropa med etablering.

### Vidareføring - ansvarleg?

#### Forslag;

Hjartdal Kommunen  
Tuddal Utvikling  
Næringsdrivande  
Grunneigarar



## Hyttefolket – informasjon / kommunikasjon

### I fase 1;

- Utsending av aktuell info til hyttefolk/hytteforeiningane (e-post),
- Oppdatering av hyttevelregistra
- Kontaktpunkt/kanal for hyttefolket innspel og spørsmål om ulikt i Tuddal/Hjartdal
- Invitere til dugnad / inkludering i lokalsamfunnet

### Hyttefolket er ein viktig ressurs

- i næringssamanheng kompetanse/investering
- for grunnlaget av mykje av næringa i Tuddal
- for inntektsgrunnlaget til Hjartdal kommune.



### Vidareføring - ansvarleg?

*Forslag;*

Turistinformasjonen i Tuddal  
Tuddal Utvikling  
Hjartdal kommune



## Bu i Tuddal

**Erfaring gjennom prosjektet – viktige faktorar for trivsel:**

- Samarbeid
- Husvære – leige, kjøpe, bygge
- Skule og barnehage
- Næringsutvikling
- Sosiale møteplassar / nettverk

Inkludering av nye Tuddølar  
– fadderordning, informasjon

**Vidareføring/gjennomføring  
- ansvarleg?**

*Forslag;*  
Hjartdal kommunen  
Tuddal Utvikling  
Lag/organisasjonar



## Møteplassar

*Tuddal har mange gode og viktige møteplassar*

### **Erfaring gjennom prosjektet;**

*Eit levande og attraktivt sentrum treng gode møteplassar for alle  
og spesielt for born og unge = trivsel og utvikling!*

### **Forslag til vidare utvikling**

- Skuleplassen
  - eit viktig aktivitetssenter
- Ungdomsklubb
- Sentrumsutvikling



### **Vidareføring/gjennomføring - ansvarleg?**

*Forslag;  
Hjartdal kommune  
Lag/organisasjonar  
Næringsdrivande*



## Kultur- og naturtilbod

### **Kjerringsteinløypa - rundt Kovstulvatnet**

*universelt utforma løype på sommar og skiløype på vinter - fullfinansiera forprosjekt per 2012;*

Vidareføring/gjennomføring;

1. Utarbeide plan for gjennomføring av forprosjekt;
  - Synfaring med grunneigarar for eksakt plassering av trasé
  - Kulturminnevern
  - Forprosjektering - søknader, nabovarsel, trasé, gjennomføringsplan, osv, dette må gjerast av kommunalt godkjent entreprenør
  - Eigarskap må på plass + plan og ansvarleg for vedlikehald
  - Koordinering og gjennomføring av dette
  
2. Prosjektgjennomføring av anlegget - prosjekteigar, leiing/koordinering, budsjett og finansiering (søknader/tilbod)

**Vidareføring/gjennomføring  
- ansvarleg?**

**Forprosjekt; Hjartdal kommune**



## Kultur- og naturtilbod

### Turstigar -

per i dag det viktigast Tuddal/Hjartdal kan tilby sine besøkande av opplevingar  
+ viktig i folkehelseperspektiv

#### I fase 1;

Etablering av Tuddal turstiggruppe – nå ein del av Hjartdal Historielag:

- samarbeider med NT, løypelaget, Reisjå og Bondal Utmarksdrag
- prioritera 11 turstigar m/ansvarsperson
- har fått 40.000,- til rydding, merking og skilting



### Vidareføring:

- Koordinering av vedlikehald, samarbeid, utvikling
- Sti- og løypeplan
- Grunneigaravtaler
- Segn, eventyr, historiar, kulturminne
- Kart, tavler, brosjyrer
- Aktivitetar for barn, vaksne, familiar



### Vidareføring - ansvarleg?

#### Forslag;

Tuddal turstiggruppe  
Hjartdal kommune



## Kultur- og naturtilbod

### 11 prioritera turstigar i Tuddal

<b>Kyrkjefjellet</b>	Sveigen – Sveigsnatten – Fossehalli.	Bård Kjetil
<b>Runhellhovet</b>	Bitringsnatten – Runhellhovet.	Torkjell T.
<b>Gamle Bondalsveg</b>	Djupedal – Reisjå	Torkjell T.
<b>Åråhovde</b>	Åråhovde – Kovstulvatnet – Hotellet	John B.
<b>Huldrehola</b>	Stavsro – Huldrehola.	Notodden Turlag
<b>Skitnetjønn - Kåloset</b>	Skitnetjønn – Kåloset	Notodden Turlag
<b>Stuverudlia – Lomtjønn</b>	Stuverudlia – Lomtjønn	Bård Kjetil
<b>Sveigen – Ostetjønn</b>	Sveigen – Dardalen – Ostetjønn	Bård Kjetil
<b>Njuke</b>	Njuke – Fossehalli/Tjønnegrenda - Njuke	Gunda og Torkjell T.
<b>Prestevegen</b>	Fossehalli - Hogstul. Resten har Hjartdal historielag (Torkell Hytta)	Håvard og Torkjell T.
<b>Bjårvatn rundt</b>	Vandrerprosjektet	Helselaget, kommunen

## Kultur- og naturtilbod

### I fase 1

#### "Opplevingar i Hjartdal"

*Ein forstudie som skal kartlegge om der er behov og moglegheiter for auka tilbod av opplevingar og evt. identifisere, vurdere og anbefale kva slag opplevingstilbod som bør etableras.*

*Stipendiat stilling i 10 mndr (februar – november 2012).*

#### **Status per i dag;**

- eit stort behov for fleire opplevingar og då spesielt for aldersgruppa 21 – 35 år
- **gardsbesøk og kurs i tradisjonsmatlaging** pekar seg klart ut (alle aldersgrupper)
- Hjartdal kommune har eit bra potensiale/grunnlag for vidare utvikling av denne næringa



#### **Vidareføring – ansvarlege?**

#### **Forslag;**

Hjartdal kommune  
Tuddal Utvikling  
Næringsdrivande



## Kultur- og naturtilbod

### Troll i Tuddal

#### I fase 1

- Trollteiknekonkurrans
- Trollutstilling

Responsen viser at det er viktig å jobbe vidare med både trolla, nøkken og andre segner. Identitet- og omdømmebygging.



#### Forslag som har kome opp i arbeidsprosessen / vidareføring:

- Trolltopptura
- Trollprodukt for sal
- Trollspor på bygdetunet og andre stader i Tuddal
- Trollbesøk
- Trollhus
- Trollmat
- Trollforteljingar
- Trollfestival med bl.a. filmen Trolljegeren og besøk av Otto Jespersen



#### Vidareføring – ansvarlege?

*Forslag;*

Hjartdal kommune

Bør utvidast til heile kommunen som eige prosjekt.



**Identitet og omdøme** - viktige stikkord er stoltheit og kunnskap

## Marknadsføring / profilering

### I fase 1

- Tuddalslogoen
- Profileringsartiklar
- ny heimeside - [www.visittuddal.no](http://www.visittuddal.no)
- Heilårleg turistinformasjon
- Heilårleg turiststad
- Treskoposten
- Brosjyrer, roll-up
- Media
- Profileringsgruppa
- Deltaking på ulike messer
- Vertskap – "Godt vertskap" - gjennomført

*Anbefala vidare jobbing med kurs/  
kompetanseutvikling innafor:*

- Service
- Kunnskap om eiga bygd/kommune
- Guiding

*Ansvarleg?*

Hjartdal kommune  
Tuddal Utvikling



## Samarbeid

### *Ein markant auke i samarbeidet innad i Tuddal gjennom prosjektperioden*

- Ved prosjektstart blei det sagt av folk frå Tuddal at alle satt meir eller mindre på kvar si tuve, men tre år med hard jobbing har gjort at mange har samla seg under mottoet "På solsida av Gaustatoppen" og samarbeidsklimaet har blitt mykje betre.
- Forprosjektet for meir formelt næringssamarbeid gjennomført i 2010 konkludera dessverre med at tida ikkje var inne ennå. Det trengs ein lengre mogningsprosess.
- Auka samarbeid på tvers av lag/organisasjonar og mellom innbyggjarane generelt.

### **Vidareføring – ansvarlege?**

*Samarbeid bygger på gjensidig tillit og respekt og dette vil alltid vere skjørt, i alle fall i starten.*

*Viktig med kontinuerleg vedlikehald!*

**Ansvarleg?**

Hjartdal kommune

Tuddal Utvikling

**Du og eg (den enkelte person)**



## Ildsjeler – dugnad - "Uten ildsjelene stopper Norge" Sitat; fra Annikken Huitfeldt

➤ *Uten ildsjelene stopper Tuddal!!*

**Dei viktigaste tilboda av aktivitetar er stort sett basera på dugnad og avhengige av ildsjeler;**

Eks.:

- Skiløyper – Løypelaget  
dugnad og betalt arbeid
- Bygdedagen – Museumslaget/Røde kors/andre lag/frivillige  
dugnad
- Tuddal Triathlon – eiga gruppe som er ansvarlege  
dugnad
- Onsdagskveldane på Bygdetunet – dugnad
- Turstigane – dugnad
- Kjerringkveldane – dugnad
- + mange andre dugnadsbasera tilbod

### Kva med Ildsjelene?

- Korleis tek vi vare på dei og hindrar at dei brenn ut?
- Inntekter?
- Nærings?

*Hjartdal Kommune – kva kan dei bidra med?*



**Fase 1 er slutt 31.8.2012**

*Kva skjer etter denne datoен?*





*Tusen takk for at eg har fått lov til  
å jobbe sammen med dykk,  
at eg har blitt så godt mottatt,  
alt eg har lært  
og all moro!! ☺  
**Lykke til vidare!! ☺***